
KONTAKTBLAD FOR

Nr.31 Mars 2001 12.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

Velkommen til Årsmøtet 2001

Knutepunktet (Tuddal)
Torsdag 5.april kl.19.00

Foreløpig program:

Jon Bondal spelar

og

**Vi tar ein tur og ser på nybygget på
bygdetunet**

Hugsa du å betale kontingenten med giroen som låg i forrige kontaktblad?

Snart har vi fotoutstilling



Frå Hjartdal i bilder - Trygve Nes

Arbeidet med fotoutstillinga har komme eit godt stykke vidare i vinter. Avtale er gjort med forograf Mæland i Bø. Han skal lage bilda ferdig innramma. Vår jobb er å plukke ut bilder som skal vise ein del av utviklinga i bygdene våre frå slutten av 1800-talet og fram til nå ved årtusenskiftet.

Det står fremdeles åpent kva for bilde vi skal la representere dei aller siste tiåra. her vil vi gjerne at folk kjem med forslag til gode bilde i fargar. Sjå gjennom album frå 1960-åra og framover. Ta kontakt dersom du har noko som kan passe.

Historieseminar i Kragerø - om kystkultur

Laurdag 21 og søndag 22 april Påmeldingsfrist 1.april

Seminaravgift 200 inkl lunsj, kaffe og kaker, ekskl. hotell og middag

Nærmare opplysningar og påmeldingsskjema:

Ring 350 23011 eller bruk liskoje@hotmail.com

Arr.: Telemark historielag

http://www.hjartdalhistorielag.no

HHL's nye webadresse på internett

Endeleg har HHL fått sitt eige domène på internett. Det mest synlege praktiske resultat av det er at adressa har blitt forståeleg.

Tidlegare har vi hengt oss på andre internett-tenester slik som private heimesider, medan vi nå kan seie at vi har eigne offisielle sider.

Samtidig har også sidene blitt omorganiserte, og meir innhald er lagt til. Vi legg meir vekt på grei funksjonalitet og god oversikt enn avansert design. Og vi har lagt til mulighet for søking innanfor HHL-sidene.

Gjesteboka som før har vore knytt til den engelske sida og retta mot amerikanarar, er nå lettare å finne, og vi ønsker at alle slags besøkande på sidene - ikkje minst medlemmer, vil skrive helsingar, kommentarar eller spørsmål der.

Det er som før mykje utvandringstoff, og dette er samla i eiga avdeling.

Hjartdal historielag - Microsoft Internet Explorer

Adresse http://www.hjartdalhistorielag.no

Hjartdal Historielag

Nytt *Grandma's Story* (English text)
Ei hjartdalskvinnes livshistorie i USA - Mari Jonsdtr Tho g.Levorsen

[Om web-sidene](#) | [Vedtektene](#) | [Styret](#) | [Kontaktbladet](#) | [Logoen til HHL](#) | [Bli medlem](#)

Hjartdal historielag

Telemark

arbeider i nåtida med fortida for framtida

© Hjartdal historielag 1999
Gjelder alle sider
[Web-redaktor @](#)

Min datamaskin

Samandrag av regnskapet for året 2000

Saldo i Hjartdal og Gr.h. sparebank 1.1.2000.....**39589,30**

	Inntekter	Utg.
Administrasjon Porto mv		3387,80
Gaver stønad	2000,00	500,00
Kontingentar/abonnement.....		1490,00
Litteratur-innkjøp		2273,00
Salg.....	540,00	
Teknisk utstyr		1243,00
Medlemspengar innbet. i år 2000.....	2500,00	
Renter	233,00	
Sum.....	<u>5273,00</u>	<u>8893,80</u>

Saldo 31.12.2000**35968,50**

Årsmelding for året 2000


Det er halde eit styremøte - og fleire arbeidsmøte i samband med bildeutstillinga. Denne har likevel blitt flytt fram i tid. Nå blir det omsider alvor av utstillinga i vår/sommar.

To styremedlemer har vore knytt til arbeidet med å gjere ferdig Hjartdalsoga IIIa

Årsmøtet 2000 blei halde på Fossen kro, med foredrag om kulturlandskapsprosjektet

Mykje fornying av internettsidene er gjort. Eige domène blei oppretta ved årsskiftet 2000/2001.

To kontaktblad er gjevne ut - nr.29 og 30.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to.hy@online.no

Sekr.: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 lskojje@hotmail.com

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>

Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL.

Bladet blir sendt alle medlemmer.

Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.